







1	Kva <b>tv-serie</b> har denne kjenningsmelodien? To sesongar har vorte vist så langt, ein tredje er under planlegging.
2	Kva <b>adjektiv</b> frå gresk nyttar vi om det livet i havet eller innsjøar som ikkje er knytt til botnen eller til kysten, men altså til dei frie vassmassane? Vi deler dette livet inn i plankton og nekton.
3	Kva heiter verdas største <b>innlandsdelta</b> , som ligg i Botswana? Det har same namn som elva som dannar deltaet, der kor elva renn ut i Kalahariørkenen. I deltaet, som er 20 000 km <sup>2</sup> stort, finn vi bl.a. Moremi viltreservat, som er berømt for sitt fantastiske dyreliv.
4	Under eineveldet i Danmark-Norge overtok Johann Friedrich Struensee makta i 1770 gjennom sitt forhold til Christian VII's dronning. <b>Dronninga</b> , som Norsk biografisk leksikon kallar "kanskje en av de mest tragiske av alle kvinneskjebnene i rekken av norske dronninger", vart etter dette forvist til Tyskland, der ho døydde i 1775. Kva heitte ho? (To førenamn)
5	Kva for eit <b>dyr</b> er denne yogastillinga oppkalla etter?
6	I utandørsavdelinga til kva for eit norsk <b>museum</b> finn vi kunstverket «Veien til stillhet» av Jeppe Hein, avduka i 2016? Museet ligg ved Randselva.
7	Kva for eit <b>lag</b> i Premier League entrar banen til songen "Glad All Over" av bandet Dave Clark Five kvar gong dei spelar heimekamp? Grunnen til at denne songen blir brukt, er at Dave Clark Five hadde konsert på stadionet til denne klubben i 1968. Songen vart så populær blant fans som var til stades på konserten, at dei tok til å synge han på kampene, og dermed vart tradisjonen skapt. Ein coverversjon vart utgiven av spelarane på laget i samband med ein av klubbens to FA-cupfinalar.
8	Med eit <b>ord på K</b> , hva kallar vi ein slik nedgravd tunnel for gjennomføring av til dømes vatn, trafikk, gåande og syklande, tekniske installasjonar eller kombinasjonar av desse?
9	Kva for ein <b>song</b> av The Doors vert spelt under åpningsscena i filmen <i>Apocalypse nå</i> frå 1979?



10	Kva kallar vi <b>kjerneved</b> frå furu som er gjennomtrekt av harpiks og terpentinstoff? Han brenn lett og har derfor lenge vore brukt til opptenning, som peisved og som lyskjele. Frå gammalt av har ein òg brukt denne typen ved til å vinne ut tjøre.
11	Frå kva <b>to land</b> kom dei to presidentane som omkom samme dag i samme fly, i april 1994. Flyet vart skote ned, og hendinga utløyste krig og folkemord.
12	Kva er namnet på dette <b>intervallet</b> mellom to tonar? Vi ser tre ulike døme. <div style="text-align: center;">  </div>
13	Kva heiter den <b>botaniske hagen</b> i London som er ein av verdas største, og som står på verdensarvlista?
14	I kva for ein utgått <b>temperaturskala</b> , med namn etter ein dansk astronom, kokar vatnet på 60 gradar? Temperaturskalaen er ein forløpar til Fahrenheit-skalaen.
15	Kva heiter dette sjølverklærte <b>mediumet</b> , som også livnærer seg som healer og klarsynt. Ho har hatt eit eige tv-show på Lifetime som heiter <i>Life among the Dead</i> , i Noreg sendt på FEM og TV Norge. I 2014 deltok ho på eit seminar i Noreg saman med prinsesse Märtha Louise og Elisabeth Noreng. 
16	Kva kallar vi « <b>prinsippet</b> » innan økonomien som seier at i mange situasjonar er det 20 % av årsakene som utgjer 80 % av effekten. T.d. at 20 % av kundane står for 80 % av salet. Prinsippet er oppkalt etter ein italiengar som observerte at 20 % av folket eigde 80 % av landet.
17	Kva kallar vi ei <b>sjakkopning</b> der ein ofrar materiell for å oppnå fordelar? På biletet ser vi ein berømt variant der kvit etter trekkka 1.e4 e5 2.f4 ofrar ein bonde. 

18	Kva heiter denne mannlege <b>journalisten</b> , som saman med bl.a. Nina Owing leiar Dagsrevyen?	
19	Kva heiter den japanske <b>ryddeeksperten</b> , som er kjent for bøker som <i>The Life-Changing Magic of Tidying Up: The Japanese Art of Decluttering and Organizing</i> (2011). Ryddemetoden hennar vert kalla KonMari-metoden.	
20	Kva er namnet på denne Rolls Royce- <b>modellen</b> , opphavelig kalla "40/50 h.p."? Namnet spelar på både utsjånaden og at bilen bråka lite. Bilen hadde tilnamnet «verdas beste bil».	
21	Kva heiter denne <b>kvinna</b> ? Ho var i 1977 den einaste overlevande frå terrorgruppa som kapra Lufthansaflyet "Landshut" i 1977. Ho vart først dømt for flykapring og drap i Somalia, men vart utvist utan å sone. I 1991 kom ho til Noreg og fekk invilga politisk asyl, men vart seinare utlevert til Tyskland og dømt for den same handlinga. Delar av straffa vart sona i Noreg.	
22	Kva for ein <b>regissør</b> og dramatkar (1939–82) som vart rekna som svært sentral i Fjernsynsteatret på 1960- og 1970-tallet, regisserte også den kjente Ibsen-filmatiseringa av Fru Inger til Østråt (1975)? Han er gravlagd på Vår Frelsers gravlund i Oslo.	
23	Kor <b>mange</b> poenggivande ikkje-raude kuler er det i Snooker? Vi tel ikkje den kvite kula.	
24	Under kva for eit <b>artistnamn</b> kjenner vi artisten som vann Urørtkonkurransen i 2007, fekk StatoilHydro-stipendet på 800 000 i 2008, vann pris for årets nykommar under Spelemannsprisen 2008, har hatt songar med i Grey's anatomy og Gossip Girl, og har spelt på Jay Leno's <i>The Tonight Show</i> .	
25	I kva for ein <b>roman</b> av ein nobelprisvinnande forfattar møter vi Kathy, Ruth og Tommy, som veks opp på kostskulen Hailsham? Romanen kom ut i 2005 og vart kåra til årets beste roman av Time Magazine og nominert til ei rekke prisar. Romanen vart filmatisert i 2010 med Carey Mulligan i rolla som Kathy.	